

| | |
|--------------------|--|
| Kva: | Møte nr. 06 23-25 i Hopp- og Kombinertkomiteen |
| Tidspunkt: | Måndag 9. september 2024, kl. 20:00-21:00 |
| Stad: | Digitalt via Microsoft Teams |
| Sakliste: | <i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 35 23-25</i> <i>Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 36 23-25</i> <i>Godkjenning av protokoll nr. 05 23-25 HKK</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 37 23-25</i> <i>Rekneskapsrapport pr. 31.08.2024</i> <i>DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 38 23-25</i> <i>Støtte til utøvarar</i> <i>SAK 39 23-25</i> <i>Prosjekt innkjøp av hoppputstyr</i> <i>SAK 40 23-25</i> <i>Status anleggsarbeid</i> <i>EVENTUELT</i> |
| Til stades: | Jon Ove Lomheim, Rune Pedersen, Lars Brekke, Jan Inge Årdal og Kennet Dvergedal (adm.) |
| Merknad: | Jan Inge Årdal deltok ikkje i SAK 38 23-25 |
| Forfall: | Johnny Seljeset |
| Referent: | Kennet Dvergedal |

REFERATSAKER

SAK 35 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 36 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 05 23-25 HKK

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 05 23-25 i Hopp- og kombinertkomiteen er lagt ved som eige vedlegg. Protokollen er også godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 05 23-25.



RAPPORTERINGSSAKER

SAK 37 23-25 **Rekneskapsrapport pr. 31.08.2024**

Bakgrunn

Rekneskapen pr. 31.08.2024 er vedlagt.

Nøkkeltal for hopp- og kombinertkomiteen:

- Driftsinntekter HKK: kr. 75 396,-
- Driftskostnader HKK: kr. -14 658,-
- Resultat: kr. 60 738,-

Eigenkapital HKK pr. 31.12.2023: kr. 104 667,-

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering. Vidare gjer komiteen vedtak om å lage eit eige prosjektnummer til «prosjekt innkjøp av hoppputstyr» i rekneskapen.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 38 23-25 **Støtte til utøvarar**

Bakgrunn

Hopp- og kombinertkomiteen har dei siste åra gitt økonomisk støtte til senior og junior utøvarar som satsar på nasjonalt og internasjonalt nivå. For sesongen 2024/2025 er det to utøvarar frå Skikrinsen som satsar på hopp- og kombinert lag:

- Johannes Årdal, Jølster IL, f. 2004
- Torje Seljeset, Hornindal IL, f. 2005

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å støtte begge utøvarane med kr. 25 000,-. Støtta vert finansiert med overskotet av årsrekneskapen og eigenkapital til HKK (om lag kr. 15 000,- frå EK).

SAK 39 23-25 **Prosjekt innkjøp av hoppputstyr**

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins v/ hopp- og kombinertkomiteen har fått tildelt ei gåve på kr. 50 000,- frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, til innkjøp av hoppustyr i hoppklubbane. I prosjektet er det også budsjettert med eigenandel for skikrins og klubb.

- Total innkjøpsramme er kr. 165 000,-.

Vedlagt ligg prosjektsøknad og budsjett.



VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å hente inn pristilbod for nytt hoppputstyr. Vidare vil ein oppfordre hoppklubbane til å kjøpe brukt hoppputstyr.

SAK 40 23-25

Status anleggsarbeid

Bakgrunn

Hopp- og kombinertkomiteen drøfta anleggsarbeidet i krinsen i høve desse punkta:

- Oppfølging av hoppanlegg i Sogn skisenter og Vik skisenter.
- Rekrutteringsbakkar i nærmiljøet
- Innspel til NSF HK/ KK anleggsutval

VEDTAK

Hopp og kombinertkomiteen tek saka til orientering med følgjande merknadar:

- Rekrutteringsbakke i Førde er produsert og kjøpt inn, komiteen bør følgje opp plassering og bygging av denne
- Rekrutteringsbakke i Stryn er lite realistisk
- Rekrutteringsbakkar på Utvikfjellet – komiteen følgjer opp
- Innspel til NSF HK/ KK anleggsutval – komitéleiar lagar forslag til tilbakemelding og sender til HKK + aktuelle hoppklubbar

EVENTUELT

Neste møte i HKK:

- Måndag 7. oktober kl. 20:00 digitalt via Microsoft Teams
- Haustmøte søndag 27. oktober, Førde

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Referent